



Møteprotokoll

Utval:	teknisk utval
Møtestad:	kommunestyresalen
Dato:	05.03.2026
Tid:	kl. 08.00 - 11.30

Desse møtte

Marianne Breivik
Alf Johan Antonsen
Berit Overvåg Hjorth
Hans Petter Th. Ulstein
Bjørn Gunnar Tafjord
Berit Roppen

Representerer

Ap
Frp
H
H
KrF
Sp

Funksjon

medlem
leiar
medlem
nestleiar
medlem
medlem

Forfall

Per Karsten Ødegård

Representerer

INP

Varamedlem

Marte Gurskevik
Skeide

Representerer

Ap

Andre møtte

Arne Runar Vik
Anita Sundnes
Stian Skorgen Scheide
Eli Marte Dalhaug
Arild Støylen
Arnfinn Rørvik
Vegard Ertesvåg
Cecilie Roppen
Trine Sæter

Adm.
Adm.
H
Adm.
Adm.
Adm.
Adm.
Adm.
Adm.

kommunalsjef teknisk
leiar for plan- og bygningsavdelinga
ordførar
fagansvarleg digitalisering
fagansvarleg byggesak
ingeniør byggesak
ingeniør oppmåling
planleggar
ingeniør byggesak

Møtenotat:

Bjørn Gunnar Tafjord møtte ikkje før klokka 08.35. Det var såleis 6 røysteføre i PS 16/26, 17/26, 19/26, 31/26 og 20/26.

Marianne Breivik fekk permisjon frå klokka 09.00 til klokka 10.00. Det var ikkje kalla inn vara. Det var såleis 6 røysteføre i PS 21/26 og 22/26.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 16/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/940
PS 17/26	Godkjenning av protokoll	26/940
PS 18/26	Orienteringar	26/940
PS 19/26	Delegerte saker	26/940
PS 31/26	Saksframlegg - Dispensasjon - fjerning av steingard, gnr. 70, bnr. 98 - Johanmarka, Eiksund	26/569
PS 20/26	Kommunale retningslinjer for kameraovervaking og strøyming	25/2945
PS 21/26	Skiltplan skuleområdet i Ulsteinvik	26/861
PS 22/26	Områdeplan for Ulsteinvik sentrum - 2. gongs offentlig ettersyn	21/474
PS 23/26	Dispensasjonar - kontor- og bustadblokk 2 B - Sjøgata - gnr. 8, bnr. 561	25/1697
PS 24/26	Søknad om mellombels dispensasjon for etablering av bubilparkering og hagestove - Fløvegen 122 - Gnr 6 bnr 27	26/17
PS 25/26	Dispensasjon - bruksendring til bustad - Ottavikvegen 2 - gnr. 7, bnr. 5	26/4
PS 26/26	Dispensasjon - Gnr 24 bnr 2 - Deling av grunneigedom - Strandvegen 93	25/1688
PS 27/26	Namn på ny barnehage i Hasund krins	25/2716
PS 28/26	Namn på plassar/parkar og torg i sentrum	25/2716
PS 29/26	Namn på turveg til Osberget	25/2716
PS 30/26	Namn på vegkryss i sentrum	25/2716

Ulsteinvik, 09.03.2026

Alf Johan Antonsen
utvalsleiar

PS 16/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga og saklista vert godkjende med merknaden som ligg føre.

Behandling:

PS 31/26 vart flytta fram på saklista grunna praktiske omsyn.

Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjende med 6 røyster.

PS 17/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vert godkjend utan merknad.

Behandling:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes godkjend med 6 røyster.

PS 18/26 Orienteringar

Vedtak:

[Ingen orienteringar].

Behandling:

[Ingen orienteringar].

PS 19/26 Delegererte saker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
40/26	Igongsettingsløyve 2 - Tilbygg - Hasundvegen 45 - gnr 23 bnr 17
42/26	Løyve til tiltak - Levegg - Vikemarktuna 8 - gnr. 9, bnr. 451
43/26	Løyve til tiltak - Naust - Vollane - gnr. 7, bnr. 628
41/26	Løyve til tiltak - Utviding av betongdekke for båtopptrekk - Vollane - gnr 7 bnr 627
44/26	Løyve til tiltak - minnelund - Osneset - gnr 7 bnr 775
46/26	Løyve til tiltak - Tilbygg, ombygging og bruksendring av bustadhus og oppgradering av avløpsanlegg - - gnr 23 bnr 3
32/26	Mellombels bruksløyve - Lager-/industribygning - Storehølvegen nr. 38 - gnr. 10, bnr. 302, snr. 10
37/26	Mellombels bruksløyve - Lager-/industribygning - Storehølvegen nr. 38 - gnr. 10, bnr. 302, snr. 13
33/26	Mellombels bruksløyve - Lager-/industribygning - Storehølvegen nr. 38 - gnr. 10, bnr. 302, snr. 18
30/26	Mellombels bruksløyve - Lager-/industribygning - Storehølvegen nr. 38 - gnr. 10, bnr. 302, snr. 2
34/26	Mellombels bruksløyve - Lager-/industribygning - Storehølvegen nr. 38 - gnr. 10, bnr. 302, snr. 3
35/26	Mellombels bruksløyve - Lager-/industribygning - Storehølvegen nr. 38 - gnr. 10, bnr. 302, snr. 4
31/26	Mellombels bruksløyve - Lager-/industribygning - Storehølvegen nr. 38 - gnr. 10, bnr. 302, snr. 5
27/26	Mellombels bruksløyve - Lagerbygning - Storehølvegen nr. 38 - gnr. 10, bnr. 302, snr. 1
28/26	Mellombels bruksløyve - Lager - Storehølvegen nr. 38 - gnr. 10, bnr 302, snr. 11
36/26	Mellombels bruksløyve - Lager-/industribygning - Storehølvegen nr. 38 - gnr. 10, bnr. 302, snr. 12
45/26	Rammeløyve - Kompressorbygg - Osnesvegen 110 - gnr 7 bnr 37
26/26	Rammeløyve - Riving tilbygg - oppføring nytt tilbygg - Skeidstunet 6 - gnr. 6, bnr. 59
39/26	Tildeling av vegadresse - Gnr 8, bnr 355 - Brudevoll Gard
29/26	Tildeling tomt nr. 46, Skeide - Gnr. 6, bnr. 245
48/26	Vedtak om adressering Søre Eika
25/26	Vedtak om adressering Vattøya
38/26	Vedtak om deling - Gnr 8 bnr 384 - Deling av grunneigedom - Vikemarka
12/26	Vedtak om reseksjonering - gnr 8 bnr 170 - Reseksjonering - Vikemyra 4A
49/26	Vedtak om seksjonering - gnr 7 bnr 57 - Seksjonering av garasje - Osbergvegen 47

Vedtak:

Delegererte saker vert tekne til vitende.

Behandling:

Delegererte saker vart samrøystes tekne til vitende med 6 røyster.

PS 31/26 Saksframlegg - Dispensasjon - fjerning av steingard, gnr. 70, bnr. 98 - Johanmarka, Eiksund

Vedtak:

Teknisk utval viser til saksutgreiinga og gir med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 19-2 dispensasjon frå § 8 i reguleringsføresegnene for "Johanmarka bustadfelt", planID 20040003, slik at steingarden langs tomtegrensa mot gnr. 70, bnr. 98 kan takast ned i lengda av bustadbygget, inntil om lag 28 meter.

Grunngivinga er omsyn til sikkerheita for bustadbygget og bebuarane på gnr. 70, bnr. 98 og at sikringa av steingarden bør skje snarast råd. Utvalet legg også vesentleg vekt på at denne delen av steingarden ikkje er av fullt så høgverdig estetisk og utføringmessigt kvalitet som den resterande del av steingarden vidare vestover langs gnr. 70, bnr. 98, og at austre enden av steingarden her allereie i stor grad er rasa saman. Vidare at sikring av steingarden bak bustadbygget vil bli ein omfattande og kostbar affære, som også ville kunne krevje vedlikehald av eigarane i framtida både før og etter at bustadtomt med gnr. 70, bnr. 115 er seld. Teknisk utval ser at kommunen som eigar av uselde tomter vanskeleg kan prioritere vedlikehald av steingardar på slike tomter.

Sidan omfanget av rivinga er avgrensa, og at aktuell del av steingarden har relativt låg kvalitet, finn teknisk utval at omsyna bak reguleringsføresegna ikkje vert vesentleg sett til side. Fordelane ved å gi dispensasjon synest å vere klart større enn ulempene.

Teknisk utval vurderer det slik at fjerning av del av den omsøkte steingarden er eit mindre tiltak som ikkje treng omsøkast eller godkjennast etter PBL sin byggesaksdel, jf. også SAK10, §§ 4-1 og 4-4 m/ veil. Dvs. tiltaket med å ta ned nødvendig del av steingarden kan utførast etter at nødvendig dispensasjon er gitt.

Behandling:

Saka vart flytta fram på saklista, jamfør PS 16/26.

Røysting:

Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteken med 6 røyster.

Kommunalsjefen si tilråding:

Teknisk utval viser til saksutgreiinga og gir med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 19-2 dispensasjon frå § 8 i reguleringsføresegnene for "Johanmarka bustadfelt", planID 20040003, slik at steingarden langs tomtegrensa mot gnr. 70, bnr. 98 kan takast ned i lengda av bustadbygget, inntil om lag 28 meter.

Grunngivinga er omsyn til sikkerheita for bustadbygget og bebuarane på gnr. 70, bnr. 98 og at sikringa av steingarden bør skje snarast råd. Utvalet legg også vesentleg vekt på at denne delen av steingarden ikkje er av fullt så høgverdig estetisk og utføringmessigt kvalitet som den resterande del av steingarden vidare vestover langs gnr. 70, bnr. 98, og at austre enden av steingarden her allereie i stor grad er rasa saman. Vidare at sikring av steingarden bak bustadbygget vil bli ein omfattande og kostbar affære, som også ville kunne krevje vedlikehald av eigarane i framtida både før og etter at bustadtomt med gnr. 70, bnr. 115 er seld. Teknisk utval ser at kommunen som eigar av uselde tomter vanskeleg kan prioritere vedlikehald av steingardar på slike tomter.

Sidan omfanget av rivinga er avgrensa, og at aktuell del av steingarden har relativt låg kvalitet, finn teknisk utval at omsyna bak reguleringsføresegna ikkje vert vesentleg sett til side. Fordelane ved å gi dispensasjon synest å vere klart større enn ulempene.

Teknisk utval vurderer det slik at fjerning av del av den omsøkte steingarden er eit mindre tiltak som ikkje treng omsøkast eller godkjennast etter PBL sin byggesaksdel, jf. også SAK10, §§ 4-1 og 4-4 m/ veil. Dvs. tiltaket med å ta ned nødvendig del av steingarden kan utførast etter at nødvendig dispensasjon er gitt.

PS 20/26 Kommunale retningslinjer for kameraovervaking og strøyming

Vedtak:

Teknisk utval legg retningslinjer for kameraovervaking på kommunal grunn og retningslinjer for strøyming av idrettsaktivitetar ut til offentleg høyring i 4 veker.

Behandling:

Fagansvarleg for digitalisering Eli Marte Dalhaug gav ei orientering og svarte på spørsmål om saka.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken med 6 røyster.

Kommunedirektøren si tilråding:

Teknisk utval legg retningslinjer for kameraovervaking på kommunal grunn og retningslinjer for strøyming av idrettsaktivitetar ut til offentleg høyring i 4 veker.

PS 21/26 Skiltplan skuleområdet i Ulsteinvik

Vedtak:

Teknisk utval sluttar seg til skiltplan datert 24.02.2026.

Teknisk utval godkjenner skilta som ligg til kommunen som skiltmynde på kommunal veg å ta avgjerd i jamfør skiltforskriften § 26:

Skiltnummer:

- 362
- 366
- 527

Dei trafikkregulerande skilta vert sendt til Statens vegvesen for handsaming og godkjenning jamfør skiltforskriften § 28:

Skiltnummer:

- 370
- 372
- 378.2
- 522
- 552

- 806
- 834
- 828

Parkering forbode i Bakkegata skal ikkje ha tidsavgrensing. Difor tar ein vekk skilt nummer 806.03.

Teknisk utval føreset at skilta vert sett opp før skulestart i august 2026.

Behandling:

Framlegg frå Frp, H, KrF, Sp og Ap, foreslått av Alf Johan Antonsen, Framstegspartiet
 Parkering forbode i Bakkegata skal ikkje ha tidsavgrensing. Difor tar ein vekk skilt nummer 806.03.

Røysting

Framlegget frå Frp, H, KrF, Sp og Ap vart samrøystes vedteke med 6 røyster.
 Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteken med 6 røyster.

Kommunalsjefen si tilråding:

Teknisk utval sluttar seg til skiltplan datert 24.02.2026.

Teknisk utval godkjenner skilta som ligg til kommunen som skiltmynde på kommunal veg å ta avgjerd i jamfør skiltforskriften § 26:

Skiltnummer:

- 362
- 366
- 527

Dei trafikkregulerande skilta vert sendt til Statens vegvesen for handsaming og godkjenning jamfør skiltforskriften § 28:

Skiltnummer:

- 370
- 372
- 378.2
- 522
- 552
- 806
- 834
- 828

Teknisk utval føreset at skilta vert sett opp før skulestart i august 2026.

PS 22/26 Områdeplan for Ulsteinvik sentrum - 2. gongs offentlig ettersyn

Vedtak:

Teknisk utval syner til framlegg til områderegulering for Ulsteinvik sentrum, planID 20210001 og legg planframlegget ut til 2. gongs offentlig ettersyn og høyring slik det går fram av plankart sist revidert 25.02.2026, med tilhøyrande føresegnar sist revidert 25.02.2026, jf. plan- og bygningslova § 12-10.

Planframlegget skal ligge ute til offentlig ettersyn i seks veker frå kunngjeringsdato.

Behandling:

Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteken med 6 røyster.

Kommunalsjefen si tilråding:

Teknisk utval syner til framlegg til områderegulering for Ulsteinvik sentrum, planID 20210001 og legg planframlegget ut til 2. gongs offentlig ettersyn og høyring slik det går fram av plankart sist revidert 25.02.2026, med tilhøyrande føresegnar sist revidert 25.02.2026, jf. plan- og bygningslova § 12-10.

Planframlegget skal ligge ute til offentlig ettersyn i seks veker frå kunngjeringsdato.

PS 23/26 Dispensasjonar - kontor- og bustadblokk 2 B - Sjøgata - gnr. 8, bnr. 561

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 19-2 gir teknisk utval dispensasjon frå følgjande krav i reguleringsplanen "Sjøsida, Ulsteinvik", planID 20050011:

- Gesimshøgde, jf. reguleringsføresegnene § 3.1.4.
- Byggelinje, jf. reguleringsføresegnene § 2.2.
- Parkeringsplassar, jf. reguleringsføresegnene § 2.6.

Dermed kan tiltaket, bygg 2 B på regulert område BFK 2, oppførast som omsøkt, med gesimshøgde inntil kote 20,9 meter, plassering/utforming som vist på situasjonsplan, datert 08.01.2025 og revidert 08.12.2025, og med 11 p-plassar innomhus i bygg 2 B.

Det blir sett følgjande vilkår for dispensasjonen:

1. Det må frikjøpast 3 p-plassar for å oppfylle samla parkeringskrav for regulerte utbyggingsområde BFK 1 og BFK 2, i høve parkeringskrav kommunen legg til grunn i saka, jf. § 4.1.3 i føresegnene til planframlegg for områdeplan for Ulsteinvik Sentrum, planID 20210001, 2. gongs offentleg ettersyn, og dei utfyllande føresegnene til kommuneplanen for Ulsteinvik sentrum § 4.3.7 om frikjøp. Det skal i tillegg etablerast 25 mellombelse parkeringsplassar på område for "byggetrinn 3" inntil dette området vert utbygd.
2. Areal o_GG12, o_GG13 og o_FO25 i framlegg til områdeplan for Ulsteinvik sentrum skal vere ferdigstilte før første bruksløyve for bygg 2 B kan gjevast, jf. rekkefølgekrav i framlegg til områdeplan for Ulsteinvik sentrum.
3. Arealet o_GG12 skal gjevast ei parkmessig opparbeiding som skal knyte gangareala ved rundkøyringa saman med steintrappa mot sjøen. Arealet skal leggjast til rette for

opphald og rekreasjon. Jersey-blokker (betongblokker) skal fjernast, og anna fysisk skilje mellom køyreveg og o_GG12 skal etablerast.

4. Detaljplan for område o_GG12 skal leggst fram for godkjenning før første igangsettingsløyve for tiltaket kan gjevast.
5. Omsøkt tiltak må utførast i samsvar med føresegnene til områdeplan for Ulsteinvik sentrum slik dei ligg føre ved 2. gongs offentleg ettersyn. Detaljane må vurderast nærare før rammeløyve vert gjeve.

Grunngjevinga for å kunne gi dispensasjonane er at dei i det vesentlege ikkje vil sette til side intensjonane bak føresegnene i gjeldande reguleringsplan, og at fordelane er klart større enn ulempene ved å gi dispensasjonane. Tiltakets omsøkte gesimshøgd, plassering/utforming og parkeringsløyving er i samsvar med siste framlegg til ny områdeplan for Ulsteinvik sentrum, planID 20210001.

Teknisk utval vurderer det slik at nabomerknadane er handterte, utgreidde og i tilstrekkeleg grad gjeve svar på i søknad, saksutgreiing og vedtak.

Behandling:

Framlegg, foreslått av Berit Roppen, Senterpartiet

Ber om at saka blir utsett til områdeplan for sentrum som no er ut på høyring er vedtatt.

Det vart opplyst om at det mangla eit "ikkje" i grunngjevinga i tilrådinga. Dette vert lagt til i vedtaket frå teknisk utval.

Røysting:

Framlegget frå Berit Roppen (Sp) fall med 6 mot 1 røyst (Sp).

Kommunalsjefen si tilråding vart vedteken med endringa som ligg føre med 6 mot 1 røyst (Sp).

Kommunalsjefen si tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 19-2 gir teknisk utval dispensasjon frå følgjande krav i reguleringsplanen "Sjøsida, Ulsteinvik", planID 20050011:

- Gesimshøgd, jf. reguleringsføresegnene § 3.1.4.
- Byggelinje, jf. reguleringsføresegnene § 2.2.
- Parkeringsplassar, jf. reguleringsføresegnene § 2.6.

Dermed kan tiltaket, bygg 2 B på regulert område BFK 2, oppførast som omsøkt, med gesimshøgd inntil kote 20,9 meter, plassering/utforming som vist på situasjonsplan, datert 08.01.2025 og revidert 08.12.2025, og med 11 p-plassar innomhus i bygg 2 B.

Det blir sett følgande vilkår for dispensasjonen:

1. Det må frikjøpast 3 p-plassar for å oppfylle samla parkeringskrav for regulerte utbyggingsområde BFK 1 og BFK 2, i høve parkeringskrav kommunen legg til grunn i saka, jf. § 4.1.3 i føresegnene til planframlegg for områdeplan for Ulsteinvik Sentrum, planID 20210001, 2. gongs offentlegt ettersyn, og dei utfyllande føresegnene til kommuneplanen for Ulsteinvik sentrum § 4.3.7 om frikjøp. Det skal i tillegg etablerast 25 mellombelse parkeringsplassar på område for "byggetrinn 3" inntil dette området vert utbygd.
2. Areal o_GG12, o_GG13 og o_FO25 i framlegg til områdeplan for Ulsteinvik sentrum skal vere ferdigstilte før første bruksløyve for bygg 2 B kan gjevast, jf. rekkefølgekrav i framlegg til områdeplan for Ulsteinvik sentrum.

3. Arealet o_GG12 skal gjevast ei parkmessig opparbeiding som skal knyte gangareala ved rundkøyringa saman med steintrappa mot sjøen. Arealet skal leggst til rette for opphald og rekreasjon. Jersey-blokker (betongblokker) skal fjernast, og anna fysisk skilje mellom køyreveg og o_GG12 skal etablerast.
4. Detaljplan for område o_GG12 skal leggst fram for godkjenning før første igangsettingsløyve for tiltaket kan gjevast.
5. Omsøkt tiltak må utførast i samsvar med føresegnene til områdeplan for Ulsteinvik sentrum slik dei ligg føre ved 2. gongs offentleg ettersyn. Detaljane må vurderast nærare før rammeløyve vert gjeve.

Grunngjevinga for å kunne gi dispensasjonane er at dei i det vesentlege vil sette til side intensjonane bak føresegnene i gjeldande reguleringsplan, og at fordelane er klart større enn ulemperne ved å gi dispensasjonane. Tiltakets omsøkte gesimshøgde, plassering/utforming og parkeringsløyving er i samsvar med siste framlegg til ny områdeplan for Ulsteinvik sentrum, planID 20210001.

Teknisk utval vurderer det slik at nabomerknadane er handterte, utgreidde og i tilstrekkeleg grad gjeve svar på i søknad, saksutgreiing og vedtak.

PS 24/26 Søknad om mellombels dispensasjon for etablering av bubilparkering og hagestove - Fløvegen 122 - Gnr 6 bnr 27

Vedtak:

Teknisk utval gjev mellombels dispensasjon frå reguleringsplanformålet industri/lager og frå strandsonevernet i plan- og bygningslova (pbl) § 1-8 slik at eigar av gnr. 6, bnr. 27 (Fløvegen 122) kan etablere bubilparkering og hagestove som omsøkt med ei varigheit på ca. 3 år, til 1. mars 2029, jf. pbl § 19-3.

Teknisk utval set følgjande vilkår for dispensasjonen:

1. All inn- og utkøyring med parkering skal i sin heilheit skje mot sør og vest. Det er ikkje høve for parkering av bubilar mellom eksisterande bygningsmasse og Fløvegen. Dersom personbilar skal parkere her, må det etter søknad etablerast fysisk skille mot Fløvegen.
2. Dersom tiltaket vil medføre vesentlege ulemper for omgjevnadane, kan dispensasjonen verte trekt attende før 1. mars 2029. Døme på vesentlege ulemper vil kunne vere støy, søppel/forureining og trafikk utover forventa aktivitet knytt til bubilar på eigedomen.
3. Ei eventuell permanent bubilparkering skal handsamast som planendring med fullstendige vurderingar av konsekvensar for strandsone, trafikktryggleik, naturmangfald og medverknad, jf. uttalen frå fylkeskommunen.

Teknisk utval viser til at dette er eit mellombels tiltak som er fullt ut reverserbart og utan behov for etablering av ny infrastruktur. Aktuelt område ligg også skjerma til frå naboar og fylkesveg, og det er kort gang- og sykkelavstand til sentrum. Trafikkmengda inn og ut frå eigedomen kan ikkje seiast å verte meir enn kva som er pårekneleg innanfor gjeldande lovleg bruk av eigedomen i samsvar med reguleringsføremålet industri/lager. Basert på dette meiner teknisk utval at dispensasjonen ikkje vesentleg tilsidesett dei omsyna reguleringsplanen og strandsonevernet er meint å ivareta.

Teknisk utval meiner også at fordelane for søkjar samla sett er større enn eventuelle ulemper for omgjevnadene, og at merknadane frå naboar og fylket i stor grad vert ivareteke gjennom dei fastsette vilkåra over.

Behandling:

Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunalsjefen si tilråding:

Teknisk utval gjev mellombels dispensasjon frå reguleringsplanformålet industri/lager og frå strandsonevernet i plan- og bygningslova (pbl) § 1-8 slik at eigar av gnr. 6, bnr. 27 (Fløvegen 122) kan etablere bubilparkering og hagestove som omsøkt med ei varigheit på ca. 3 år, til 1. mars 2029, jf. pbl § 19-3.

Teknisk utval set følgjande vilkår for dispensasjonen:

1. All inn- og utkøyring med parkering skal i sin heilheit skje mot sør og vest. Det er ikkje høve for parkering av bubilar mellom eksisterande bygningsmasse og Fløvegen. Dersom personbilar skal parkere her, må det etter søknad etablerast fysisk skille mot Fløvegen.
2. Dersom tiltaket vil medføre vesentlege ulemper for omgjevnadane, kan dispensasjonen verte trekt attende før 1. mars 2029. Døme på vesentlege ulemper vil kunne vere støy, søppel/forureining og trafikk utover forventa aktivitet knytt til bubilar på eigedomen.
3. Ei eventuell permanent bubilparkering skal handsamast som planendring med fullstendige vurderingar av konsekvensar for strandsone, trafikktryggleik, naturmangfald og medverknad, jf. uttalen frå fylkeskommunen.

Teknisk utval viser til at dette er eit mellombels tiltak som er fullt ut reverserbart og utan behov for etablering av ny infrastruktur. Aktuelt område ligg også skjerma til frå naboar og fylkesveg, og det er kort gang- og sykkelavstand til sentrum. Trafikkmengda inn og ut frå eigedomen kan ikkje seiast å verte meir enn kva som er pårekneleg innanfor gjeldande lovleg bruk av eigedomen i samsvar med reguleringsføremålet industri/lager. Basert på dette meiner teknisk utval at dispensasjonen ikkje vesentleg tilsidesett dei omsyna reguleringsplanen og strandsonevernet er meint å ivareta.

Teknisk utval meiner også at fordelane for søkjar samla sett er større enn eventuelle ulemper for omgjevnadene, og at merknadane frå naboar og fylket i stor grad vert ivareteke gjennom dei fastsette vilkåra over.

PS 25/26 Dispensasjon - bruksendring til bustad - Ottavikvegen 2 - gnr. 7, bnr. 5

Vedtak:

Teknisk utval gjev dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan *Osnes, del 1* for bruksendring av delar av arkivbygget til bustadføremål, i samsvar med søknaden, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Omsyna bak reguleringsplanen vert ikkje vesentleg tilsidesette ved omsøkt dispensasjon. Tiltaket er avgrensa i omfang og gjeld berre delar av bygget. Fordelane ved å gi dispensasjon vert vurderte som større enn ulempene.

Vidare administrativ handsaming av bruksendringa skjer i samsvar med innsendt søknad, datert 23.12.2025.

Behandling:

Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunalsjefen si tilråding:

Teknisk utval gjev dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan *Osnes, del 1* for bruksendring av delar av arkivbygget til bustadføremål, i samsvar med søknaden, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Omsyna bak reguleringsplanen vert ikkje vesentleg tilsidesette ved omsøkt dispensasjon. Tiltaket er avgrensa i omfang og gjeld berre delar av bygget. Fordelane ved å gi dispensasjon vert vurderte som større enn ulempene.

Vidare administrativ handsaming av bruksendringa skjer i samsvar med innsendt søknad, datert 23.12.2025.

PS 26/26 Dispensasjon - Gnr 24 bnr 2 - Deling av grunneigedom - Strandvegen 93

Vedtak:

A: Teknisk utval gir dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen og § 1-8 i plan- og bygningslova for frådelling av to bustadtomter, med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, på følgjande vilkår:

1. Det skal dokumenterast at kvar bustadtomt har lovleg og varig tilkomst frå offentleg veg, jf. plan- og bygningslova § 27-4. Eventuelle løyve for utvida bruk av avkøyrsløp frå fv. 61 skal vere godkjende av rette vegstyresmakt før frådelling kan gjennomførast.
2. Vilkår fastsette i tidlegare avkøyrsløp for eigedomen skal vere oppfylte og dokumenterte før godkjenning av ny utvida bruk.
3. Det skal dokumenterast at krav til støy i samsvar med retningslinje T-1442 retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging er tilfredsstilt ved seinare byggjesøknad.

4. Det skal tinglysast vegrett til bustadtomtene og rettar for tilkopling og leidningstrasear til vatn og avlaup.

Teknisk utval meiner at føresegnene i plan- og bygningslova er ivaretekne, og fordelane ved å gje dispensasjon samla sett er større enn ulempene ved at dispensasjon vert gjeve for bustadtomtene.

B: Teknisk utval avslår søknad om dispensasjon for frådeling av nausttomt, då dette vil vere i strid med omsyna bak plan- og bygningslova § 1-8 som allmenn tilgang til sjøen, natur- og landskapsverdiar. Utvalet viser i tillegg til at frådeling og etablering av naust på omsøkte parsell gjennom dispensasjonshandsaming kan gje uheldig presedens både i høve sakshandsaming og bruk av strandsona.

Behandling:

Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunalsjefen si tilråding:

A: Teknisk utval gir dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen og § 1-8 i plan- og bygningslova for frådeling av to bustadtomter, med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, på følgjande vilkår:

1. Det skal dokumenterast at kvar bustadtomt har lovleg og varig tilkomst frå offentleg veg, jf. plan- og bygningslova § 27-4. Eventuelle løyve for utvida bruk av avkøyrsløp frå fv. 61 skal vere godkjende av rette vegstyresmakt før frådeling kan gjennomførast.
2. Vilkår fastsette i tidlegare avkøyrsløysløyve for eigedomen skal vere oppfylte og dokumenterte før godkjenning av ny utvida bruk.
3. Det skal dokumenterast at krav til støy i samsvar med retningslinje T-1442 retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging er tilfredsstilt ved seinare byggjesøknad.
4. Det skal tinglysast vegrett til bustadtomtene og rettar for tilkopling og leidningstrasear til vatn og avlaup.

Teknisk utval meiner at føresegnene i plan- og bygningslova er ivaretekne, og fordelane ved å gje dispensasjon samla sett er større enn ulempene ved at dispensasjon vert gjeve for bustadtomtene.

B: Teknisk utval avslår søknad om dispensasjon for frådeling av nausttomt, då dette vil vere i strid med omsyna bak plan- og bygningslova § 1-8 som allmenn tilgang til sjøen, natur- og landskapsverdiar. Utvalet viser i tillegg til at frådeling og etablering av naust på omsøkte parsell gjennom dispensasjonshandsaming kan gje uheldig presedens både i høve sakshandsaming og bruk av strandsona.

PS 27/26 Namn på ny barnehage i Hasund krins

Vedtak:

Teknisk utval gjev ny barnehage i Hasund krins namnet Sundgotmarka barnehage.

Behandling:

Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunalsjefen si tilråding:

Teknisk utval gjev ny barnehage i Hasund krins namnet Sundgotmarka barnehage.

PS 28/26 Namn på plassar/parkar og torg i sentrum

Vedtak:

1. Vikefjøra
2. Sigridplassen
3. Arthurparken

Behandling:

Framlegg frå Frp, H, KrF, Ap og Sp, foreslått av Hans Petter Th. Ulstein, Høgre

1. Vikefjøra
2. Sigridplassen
3. Arthurparken

Røysting

Framlegget frå Frp, H, KrF, Ap og Sp vart samrøystes vedteke.

Kommunalsjefen si tilråding:

Saka blir lagt fram utan tilråding.

PS 29/26 Namn på turveg til Osberget

Vedtak:

Teknisk utval gjev turvegen til Osberget namnet Osbergstien.

Behandling:

Framlegg frå Frp, H, Ap, KrF og Sp , foreslått av Hans Petter Th. Ulstein, Høgre

Teknisk utval gjev turvegen til Osberget namnet Osbergstien.

Røysting

Framlegget frå Frp, H, Ap, KrF og Sp vart samrøystes vedteke.

Kommunalsjefen si tilråding:

Teknisk utval gjev turvegen til Osberget namnet Osbergråsa.

PS 30/26 Namn på vegkryss i sentrum

Vedtak:

Teknisk utval vedtek følgande namn på vegkryss i sentrum, jf. kart i saksutgreiing.

1. Trillenkrysset
2. Kollenkrysset
3. Kyrkjebakkekrysset
4. Fredheimkrysset
5. Rådhuskrysset

Behandling:

Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunalsjefen si tilråding:

Teknisk utval vedtek følgande namn på vegkryss i sentrum, jf. kart i saksutgreiing.

1. Trillenkrysset
2. Kollenkrysset
3. Kyrkjebakkekrysset
4. Fredheimkrysset
5. Rådhuskrysset